



Travle dagar hos Elins Matgleder.

**Aktiviteten er stor hos Elin`s Matgleder no i førjulstida. Butikken bugnar over av godsaker, og stadig påfyll vert produsert både natt og dag. I dag skal ho også formidla julestemning til resten av Hordaland. Ho vert nemleg å høyre på NRK Hordaland si ettermiddagssending.**

I denne travle tida er Elin ekstra glad for den gode hjelpa ho har av den flinke konditorlæreren sin, Silje Eik Gjerde. Saman har dei produsert eit utruleg utval av julekajs og julekonfekt. Julebrødsalget går som det susar, og populære er og kakene, som t.d. dei kjempegode fromasjakakene og skumkakene.

Innimellom julebaksten går det og i levering av mat til julelunsjar og julebord.

Natta har Elin brukt til å laga ein ny ladning med kransekaker og no i morgontimane er ferske julebrød komne utav omnen.



Natta er brukt til å bake nye kransekakestenger

Ekstra imponerende vert det då at Elin og familien inviterer personar som er åleine, til ein skikkeleg julekveld på sjølvaste julaftan. Elin understrekar at ho håpar fleire melder seg og vil vere saman med dei på feiringa. Ho trur kanskje nokon har lyst, men opplever terskelen for å melde seg på som litt høg. Til dei seier ho: ta kontakt, kom til oss og vi skal få ein kjempekoseleg julekveld.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen og Elin`s Matgleder.